

— Lagsblad —

Nr. 2

Februar 1925

8. aaret

## Til kvar lagsmann i Bondeungdomslaget

hev me i desse dagar sendt eit skriv med oppmoding um aa yta tilskot til *Garborgmonumentet*. Me er viss um, at denne oppmoding ikkje vil vera til faanyttes, men at kvart medlem med gleda vil yta sitt tilskot. Alt fraa fyrste stund spursmaalet um aa reisa eit Garborgmonument i Stavanger vart teke upp — i septbr. ifjor — vart tanken møtt med stor samhug. Me hev havt den gleda fyrst og fremst aa sjaa alle lagsfolk samla som ein mann um denne oppgaava. Men ogso utanfor laget hev tanken fenge stor tilslutnad, og serleg gledar det oss, at byen er med oss i dette arbeid; her hev me møtt samhug alle stader, serleg hev avisorne havt mykje godord for saki og stydja oss paa ymse vis.

Naar me no vender oss til kvar einskild av vaare lagsfolk, er det i den tru, at her vil alle sjaa det som ei æressak aa vera med. Laget hev teke eit stort lytt med dei 3000 kr. som samrøystes vart ytt som grunnfond. So stend det att til oss kvar einskilde aa taka eit skippertak. Skal me ikkje no *i jubileumsaaret vaart*,

og naar det gjeld aa reisa eit Garborgmonument i Stavanger, yta nokre kroner kvar? Me tvilar ikkje um, at i dette stykkje vil *alle* vera med. Kor mykje ventar me fraa kvart medlem? Ja det fær verta som høvi er. Fraa nokre lagsfolk hev me alt fenge tilskot — fraa 10 til 50 kr. Kunde det ikkje tenkjast, at det gjenomgaaande vert ytt 10 kr. paa kvart medlem? Me er noko yver 400 medlemmer i laget, og naar me daa alle yter eit pent tilskot, skal det verta eit munalegt tillegg til det som fyrr er innkome. Me vonar og trur, at i dette stykkje vil ogso kvinnorne i laget yta solangt dei evner. Sjølv um raadi ofte er liti, skulde me tru, at naar det gjeld denne store oppgaava, vil dei ofra 5-10-15<sup>kr</sup>.

Som nemnt hev me sendt teikningslistor til kvart medlem. Paa denne ventar me, at vedkomande medlem teiknar seg sjølv fyrst; men me vonar ogso, at ein prøvar aa faa andre av sine vener og kjende utanum laget til aa gjeva nokre kroner. Ein tarv ikkje vera rædd for aa spyrja andre. Alle kjenner til og vyrder arbeidet aat Garborg

og den samhug for saki som tidlegare er kome tilsyne, vil visseleg møta oss, naar me vender oss til folk med bøn um tilskot.

Lat oss daa alle kjenna det som ei plikt aa gjera mest mogeleg for saki. Daa skal det ikkje gaa lang tid fyrr Garborgmonumentet stend i Stavanger!

Vyrdsamt  
for Arbeidsnemndi  
O. A. Vestbø.

## DET NORSKE MAAL!

No hev me lengje haurt og sett paa prent i blad og bog kor grøtelege lite vet „de bønder have dog.“ Dei klagar paa me ikkje veit, og ikkje veta vil, dei veit kje um kor hart me sleit, men me det kjenner til.

Fraa høgdi synes vegen slett og vandelaus aa gaa, men blei du noko laagar sett saa sku du berre sjaa, daa saag du bakkar, berg og djuv der ingen før du saag, og sku du maatta gaa au, du, med første steg du laag.

Sjaa guten som paa skulen gjeng, han talad som hu mor, og maalet som i guten heng er gamle norske ord. Der lyt han stava „mei“ for „meg“ og segja ko for ku, saa slepp han traan kjem ut av veg og vert ein Fomling, du.

Ja det ser baade Per og Paal som bruga vil sitt syn att guten hev eit annat maal enn prest og fut i by'n Gjev rett oss til i skulen snøgt aa bruga eget maal, daa skal du sjaa me haattar gløgt. Me elsker fedra maal.

Ein skulemann som talar dansk for norske øyro smaa, det lyest som eit pure fransk, og kven kan sligt forstaa? Det er til læ og graata av kor vitlaust det hev gaatt, saa undrast etterpaa att det i skulen gjeng saa traatt.

Lat alle ord og venningar ha bygdekaapa paa, um alle ting og henningar, saa skal du snart faa sjaa att guten lærer fort og gløgtt sitt gamle bygdemaal. Det gjeng a:n inn til livs saa snøgtt og raakar kvasst som staa.

Nei gløymer eg mitt bygdemaal, daa hev eg gløymt meg sjølv, og daa hev Balder døyt paa baal, og myrker kjem, og kjøl. Det ligg i maalet slig ei magt som berre me forstaa. Saa lat oss standa fram paa vagt naar kampens time slaar.

*Daniel Pedersen Nedrebø.*

\* \* \*

Desse versi „Det norske maal“ er skrive ikring 1860. Daniel P. Nedrebø var fødd og uppalen i Lysebotn. Han var ein gaaverik kar, tok beste eksamen ved underoffiserskulen. Han var ei tid sersjant, men daa hans religiøse samvit vakna fann han ikkje aa kunna verta staaande i militærstellet lenger. Han sa sjølv, at han ofte fekk høyra mykje spitor avdi han tala sitt morsmaal, den tid han stod som sersjant. Han har skrive mange gilde songar; men dei fleste er paa riksmaal. Denne songen „Det norske maal“, har ikkje vore prentta fyrr, og daa det er skrive for umlag 65 aar sidan so har me teke det med her i bladet. I den tid var all opplæring i skulen paa norsk-dansk.

*K. B.*

## Stjerna mi.

Ho lyser nok lite, stjerna mi  
og er i gud-veit-kva sfære.

Ho vart nok forbanna i opphavs tid  
og strider sin eigen, stille strid  
ein stad der ho ikkje skal vere. — —

Til henne eg ein gong koma skal  
— slik er det oss alle laga —  
og då skal eg kveda so kåt ein trall  
at skjelva skal alt i heimen all  
og jordi skal rista og skaga. — —

Songen skal ljoma og tona vidt  
over fjordar og nes og øyar —.  
Då skal eg ta hemn for meg og mitt  
og hemn for den tidi eg hadde det stritt  
og var som ein maur millom møyar.

*Mikal R.*

---

## Jamsides.

Små-bårer leikar og kjæler kring båten  
so mildt . . .

Allting gyllest av sol-strime-spêl. —  
Ei helge-kjensla so fredsamt og stillt  
legg si signande hand  
over sjø og land  
som om alt hev ei signande sjæl . . .

I dette sol-strime-spêlet so fredsamt  
og stilt  
sit eg jamsides ho og er sæl . . .  
Alt er so fredsamt og une og gildt  
med på tofta, — eg og ho  
sit jamsides no  
. . . og ho segjer at *det* må eg vel!

*Mikal R.*

## Bollefesten.

Overskot kr. 605.00.

I aar som elles hadde laget skipa  
til Bollefest til bate for boksamlingi. —  
Og dei som hadde skipa til festen  
hadde og gjort sitt beste for aa gjera  
festen gild og god. — Men det er so,  
det er ikkje godt aa gjera alle tillags.  
Naar programmet vart uppsett, so totte  
mange det var so radt for mykje, og  
det var uraad aa greia alt dette paa  
ein kveld, andre meinte at inngangs-  
pengane var sett for høgt, — og det  
vilde verta kritikk i laget for skuld dei  
*kr. 2.00* det kosta og sleppa inn. Sjølv  
hadde eg den tru, og den meining, at  
naar me berre kunne bjoda fram det  
beste av *musikk og song*, so kunde  
bollefestnemndi ta kritikken med ro.  
Mikal R. fekk rett, — programmet var  
stort og saltande godt, — inngangs-  
pengane nett som dei skulde vera, sa  
han. —

Det synte seg og daa dørene vart opna.  
Festen tok til kl. 8, men kl. 7 tok folk til  
aa rikka og koma til festen og kl. 1/28 var  
salen fullsett, — og kl. 8 var det stuvande  
pakkande fullt. Alt i alt var det i salen  
den kvelden umlag 470 — eller 480  
mann og me skyner korleis det saag ut i  
salen; naar me veit, at salen er godt  
fullsett med halvparten. Nok um det,  
alt gjekk sers godt; og nemndi sender  
ei hjerteleg takk til Stavanger kr. ung-  
domsforening sitt orkester, som denne  
kvelden ofra so mykje og god musikk.  
Alle var samde um at finare musikk  
hadde me aldri fyrr fenge her i laget.  
Heile 7 musikkstykke spela orkesteret,  
og millom desse var det fleire ovanleg  
fine konsertnummer. — „Herold“ tok  
og den store festlyden med storm. —  
Kvar gong me er so hepne aa faa  
„Herold“ i laget, so er me visse um  
at humøret er paa toppen. Baade or-  
kesteret og „Herold“, dei spurde kor  
mykje dei knnde faa lov til aa spela  
og syngja, og det er ei stor gleda for  
ei festnemnd naar dei hev med slike

folk aa gjera. Seinare fekk me cello-solo av Ths. Haarr med tonefylgje av Th. Haugland, og naar Haarr spelar, daa vert det stille i salen; -- inn imil-lom all song og musikk fekk me Vos-sastubbar av hr. Bryn. So gjekk det med kaffi og bolla, radl og røda, leik og morro til burt imot kl.  $\frac{1}{2}$ 2. Etter leiken aa døma, so skulde ein mest tru at humøret heldt seg lika til slutt, for det er ikkje ofte ein høyrer songen ljoma so kraftig som han gjorde paa bollefesten.

Me slutta festen med aa syngja „Gud signe vaart dyre fedraland“.

Netto vart ialt kr. 605,00, som gjeng til boksamlinga.

Det er aa vona at laget vil yta noko, so sumen kan verta kr. 700,00.

Nemndi helsar og takkar alle som var med og tok dette tak for boksam-lingi. Naar me berre staar saman og lyfter i flokk, so greider me mykje.

### Fraa samla styremøte 17. februar:

1. Som finansnemnd vart valde: O. A. Vestbø og Hans Chr. Øvrebø attaat formannen i lagsbruksstyret Andreas Maaland.
2. Til aa sjaa etter og koma med fram-legg um vøling av huset vart valde: Lars Bø, Hogne Djuve og Andreas Maaland.
3. Som husnemnd for 1925 vart valde: Lars Bø, Hogne Djuve, Andreas Maaland, H. V. Aurdal og Anders Løvik. Varamenn: Ths. Clementsen og O. A. Vestbø.
4. Pengeytingar: Styri gjer framlegg um aa yta 500 kr. til Rogaland landsgymnas, 400 kr. til ungdomspresten i Stavanger og Agder bispedøme, 200 kr. til Ryfylke folkehøgskule, 100 kr. til Ryfylke arbeidsskule, 100 kr. til Rogalands maalkontor og 50 kr. til Stvgr. forsorg- og verneforening.

5. Ths. Clementsen, Kari Arnestad Mæ-land og Alfred Løvvik vart valde til saman med 3 medl. fraa losje Rogal-land aa dryfta sal av vonheim.

### Fraa styremøte 24. febr.

1. Saklista for mars:
  5. Foredrag av Arne Bjørndal, song av songarlaget.
  12. Ordskifte. Emne: Norskdomsar-beidet. Innl. Torgils Vaage.
  19. Jakob Meland. Leik.
  22. Møte i Petri kyrkja ved biskop Hognestad.
  25. Marknadtilstelling.
  26. og 27. mars: Geburg Aasland: Haugtussesongar. Baae møti vert haldne i Betania. Inngangsp. kr. 1,00. Lagsfolk som viser lagskort for 1925 gjeng fritt til torsdagsmøtet.
2. Desse vart godkjende til upptaking i Bondeungdomslaget: Samuel Hod-nefjell, Olav Bryn, Ole Lende, Thor Heimork, Gudrun Hustøl, Elisa Rygh, Elisabeth Valheim, Hanna Vareberg, Margit Stensø, Karsten Lerang, Oluf Vestersø, Bergit Vareberg, Ole Røed, P. Bjorheim, Aasa Karlsen, Rikard Kluge, Josefine Herresvele, Trygve Haga, Sigrid Jaatun, Chr. Krogh, Ruth Stokke, Gudrun Fjeldsaa, As-laug Eskeland og Margit Christensen.
3. Framlegg til varamenn:
 

For spellagsstyret: Torgils Vaage og Leiv Hovda.

Hor Hafsrøstyret: Jakob Lerang og Hanna Sørbø.

For Vonheimsstyret: Bertin Svihus og Anna Mjølhus.
4. Det vart vedteke aa skjota til so mykje til det som kom inn ved Bollefesten, at sumen kjem upp i 700 kr. til Boksamlingi.



## Aa du kor det skal muna!

Naar no Vestbø her legg alle lagsfolk paa hjarta, at dei alle gjer sitt til at pengane til Garborg-monumentet maa auka fort, so trur eg nok lagsfolket med gleda vil vera med aa ta eit stort lyft no iaar.

Alle, baade *du* og *eg* har me fenge lista, og lat oss lova at me ein av dei fyrste dagar sender lista inn, og attaat sender pengane. *Sett at kvar einaste lagsmann samla 10 kr. kvar, kor mykje vilde ikkje det verta. Heile 4500,00 kr.* Det er dei mange smaa bekkjer som gjer den store elvi.

No er me visse um at mange lagsfolk greier aa skaffa meir enn 10 kr., og fleire vil sjølv yta baade 10 og 25 kr. Men du som tykkjer du ikkje nett har høve til aa yta so mykje, du kan i minsto yta 1 eller 2 kr. og so kan du faa nokre av venene dine eller kjenningane dine til aa yta ei krunga eller tvo, og so vert det ikkje lenge fyrr du har 10 kr. paa lista. *No spørst det berre um du vil? Og um du berre vil, ja so greider du det so lett. Sett farten upp, gjer di plikt, og send lista inn snarast raad er.* Lat det verta ei æresak for oss alle.

*Bastian.*

### Kapt. Edv. Os,

skrivar i Norigs Ungdomslag var her i byen sundag den 1. mars. Jubileumsnemdi hadde møte saman med kapt. Os og her vart programmet for aarsmøte som Norigs Ungdomslag skal ha her i sumar fastsett, — likeeins programmet for Spelemannsstemna og Leikestemna. Meir um dette kjem i lagsbladet seinare.

## Biskop Hognestad

vil sundag den 22. mars preika til høg-messa i Domkyrkja. Um kvelden vil biskopen tala ved festmøte i Petri kyrkja. Me har og fenge lov paa Stavanger Kr. Ungdomsforening sitt orkester, som denne kvelden vil spela fleire gilde musikkstykke. Orkestret øver no inn musikk som serleg høver for kyrkja. Songarlaget vil syngja og der er og god von um aa faa ein kar eller kvinna til aa syngja. Me legg her lagsfolk paa hjarta, aa gjera dette godt kjendt, so Petrikyrkja kan verta fullsett denne kvelden.

## Geburg Aasland.

Som ein vil sjaa av saklista for mars hev styret vore so hepne aa faa *Geburg Aasland* til aa helda tvo *Haugtussakveldar i Bethania, torsdag 26. og fredag 27. mars.* Geburg Aasland vil tala um Haugtussa og attaat spela og syngja.

Inngangspengane er sett til *kr. 1,00* baae kveldar; men lagsfolk som syner lagskort gjeng fritt til møte torsdag. Her maa og lagsfolk vera gilde og faa mange med, so inkomene kan verta store. Alt som kjem inn ved desse Haugtussakveldar i Bethania gjeng til *Garborg-monumentet.* Det er sagt fyrr; men me segjer det enno eingong: gjer kva du kan for at Bethania vert fullsett ved desse tilstelningar.



*Ingen presenter  
pryder og pynter  
som blomster fra  
Blomsterballen*

Alf Solheim

Østervaag 25

— — —  
PAPIRFORRETNING  
RAMMEVERKSTED

PETROLEUMSLAMPER  
STENTØI & GLAS  
I STORT UDVALG

HANDLENDE HØI RABAT.



**S. GITLESEN**

:: :: :: ØSTERVAAG 41 :: :: ::



**MASKIN-  
H U S E T**

(Indeh. Thorvald Veire)  
Bredgaten 9



Matstova og Kaffistovorne  
til BONDELINGDOMSLAGET

*er rette staden for tilreisande og fastbuande  
som vil stetta svolten eller kvila ei stund*

**GILDASTE STOVORNE I BYEN**

**GODTFOLK!**

Naar De skal hava brudlaup, barsøl eller anna gjestelag,  
so hugs at De fær dei beste drikkevaror hjaa meg

— Løna med fleire medaljor —

Telefon  
727 k

**GUNNAR LØVIK**

KONGSGATA 36

Telefon  
727 k

# Johan Østhus & Co.

*Kolonial - Feitevarer  
Kjæks - Sjokolade  
Tobakk og Frukt  
En gross*

Telefon 2286

Telefon 2286

# N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20

TELEFON 772

**Colonial- og  
Fedevarerforretning**

# R. G. Klovning

Breidgata 20 .. .. .

**KOLONIAL**

Hampegarn - Bomullsgarn  
SNØROR - TOGVERK  
OLJEKLÆR.

# MERK!

*Største og fineste utvalg i ram-  
melister, ovale gullspeiler og rammer  
Innramning av bilder*

**M. ANDREASSENS**

RAMMEFORR. OG KUNSTHANDEL  
Ø. Holmegt. 25                      Telefon 1469

# BRØDRENE MAG

Nygaten 48 .....

Telefon . 937  
Butikken . 3083

**Malervare- og  
jernvareforretning**

Telefon 102

# A. IDSØE

KJØD- OG PØLSE-  
FORRETNING :: ::

GODE OG BILLIGE VARER!

Lagsgjenter — Lagsgutar.

*Frukt, Drops, Chocolate  
Tobak, Cigarer, Cigaret-  
ter, Piper  
Alle slag. Rimelege prisar.*

**OLAV HAMRE**

Tlf. 3440    NYTORGET    Tlf. 3440

**TIME**

**Jonas Jørstads  
BOKHANDEL**

Stort lager av nyare og eldre litteratur.  
Tingingar til boksamlingar og leselag  
vert sytt for fort og greitt .....

**Fotografiske artiklar**

**Musikvarer**